

SOGA UM DEN FALSKE PRINSEN

Det var ein gong ein skreddarsvein, som heitte Labakan. Han var i lære hjaa ein skreddar i Aleksandria. Ein kunde kje nett segja, at Labakan var ei dugløyse med naali; tvertum kunde han gjera framifraa fint arbeid, naar han var paa det laget. Ikkje var han lat heller. Men heilt rett kunde det aldri hanga i hop med karen; for best han sat og sydde, so naali fauk igjenom saumen, kunde han med eitt stansa heilt upp og sjaa ut i veret med stive augo, og daa gløymde han alt ikring seg. Meisteren og dei andre sveinane var vane med dette. Dei berre kniste og lo seg imillom, og sa: «Idag hev Labakan stormannsandletet sitt.»

Kvar fredagskveld, naar andre folk pla gaa i bedehuset, tok Labakan paa seg kisteklædi sine og reika att og fram i gatone.

Møtte han daa ein kjenning som helsa og ropa til han: «Godkveld, Labakan!» var det berre sovidt han lest nikka paa hovudet.

Og naar meisteren hans av og til kunde segja til han for spøk: «Labakan, du skal sjaa du i røyndi er fødd til noko stort,» lo han alltid velnøgd og svara: «Ja, trur ikkje du òg det, meister?»

Soleis gjekk det ei lang tid, og meisteren bar over med all narreskapen hans, med di det var slik hendig og gild kar elles.

Men so var det ein dag, at bror til kongen sende stasbunaden sin til denne skreddaren og vilde hava noko vølt paa han. Og Labakan, som var den hendigaste av alle sveinane, naar han berre gjorde seg fyre, vart sett til dette arbeidet.

Um kvelden, daa meisteren og dei andre sveinane hadde gjort ifraa seg arbeidet for dagen, vart Labakan etter paa verkstaden, skulde setja dei siste styngene i kongeunaden.

Daa han var ferdig, vart han sitjande glaama paa kjolen. Noko so grumt totte han aldri han hadde set. Og gild var bunaden, det er visst. Alle breiddene var utsauma med gull og perlor, og tyet var den finaste silke og fløyel.

Labakan fekk ikkje augo av kjolen, og fyrr han sjølv rett visste til seg, hadde han teke bunaden paa seg.

Kjolen sat som han var sydd til han, og Labakan gav seg til framfor spegelen og vart ikkje trøytt av aa sjaa seg i all denne stasen.

«Ser eg ikkje ut som ein prins kann henda?»

sa han for seg sjølv, og gjekk med lange, vyrdelege steg att og fram paa golvet.

«Hev ikkje meisteren sjølv sagt, at eg kunde vore prins so god som nokon?»

Med denne staselege bunaden var det som heile stormannshaatten kom upp i Labakan. Det sveiv so fyre han, at kann henda, naar alt kom til alt, *var* han ein kongsson som hadde vorte umbytt, daa han var liten. Kvi ikkje? Han tenkte seg so inn i dette, at han paa slutten trudde det sjølv. Visst var han ein prins! Tydde ikkje alt paa, at han ikkje hørde denne rampen til, som han dagstødt laut dragast med.

Men no var det paa tidi han tok ut i verdi og leita upp far sin. Denne gilde bunaden kom so vel med, som hadde profeten sjølv sendt han; det vilde vera grov synd aa ikkje taka med takk imot denne gilde gaava.

So fann han ihop det vesle han aatte av mynt, og kom seg nattetidar ut or byen.

Folk glaapte ikkje lite paa denne nye prinsen som var so staseleg klædd, men endaa gjekk til fots og utan fylgje. Naar nokon vilde frita han ut um dette, lo han berre løynsk og svara, at det hadde *sine* grunnar.

Men han forstod snart, at han berre gjorde seg til narr vei ei sovori aatferd, og kjøpte for ein billeg pris ein gamal sliten øyk, som han kalla Murva. Labakan hadde aldri sete paa hesterygg fyrr, so det kom vel med det fyrste,

at Murva var for skral til aa finna paa og traava.

Ein dag som dei for der og reika fram etter vegen i vanlegt smaadilt, naadde ein annan ryttrar dei att, og bad um han maatte faa slaa fylgje. Det var ein ung staseleg kar, som Labakan laut lika straks han saag han.

Dei kom snart i prat, og framandkaren, som var uvanleg open av seg, fortalde, at han heitte Omar og hadde vore fostra upp hjaa Elfi Bey, fyrsten av Kairo. Han var død no; men paa sitt siste gjorde han Omar kjend med, at denne ikkje var sonen hans, so som alle trudde, men var son til ein mektig konge der i Austerlandi. Ein spaamann hjaa far hans hadde lese i stjernone, maa vita, at prinsen skulde koma i stor faare, fyrr han vart tvo og tjuge aar. Og so hadde kongen sett Elfi Bey, som var underkongen hans, til aa fostra upp sonen plent som sin eigen, heilt til han vart tvo og tjuge aar.

Elfi Bey hadde ikkje nemnt namnet paa far hans, men berre sagt, at han skulde vera ved den høge El-Seruja-stytta, sudaust for Aleksandria, fjorde dagen i Ramadan-maanaden fyrst komande; for daa fyllte han nettopp tvo og tjuge aar. Her vilde han møte eitpar menner, og den eldste av desse skulde han fli den dolken han alltid bar paa seg, og segja:

«Her er den som de leitar etter!»

So skulde mennene svara: «Profeten skje

takk som hev halde deg uppe til denne tid!» og føra han til far hans.

Skreddaren vart ikkje lite undren, daa han hørde dette, og fraa den stund ovunda han prins Omar av all si sjæl. Her stod ei kongstrune opi for denne framandmannen, medan han sjølv, som var like so velskapt og vitug, inkje hadde i vente. Visst var Omar baade traust og fager, nett som ein kongsson burde vera. Men Labakan tenkte med seg, at ingen kongsfar turvte skjemmast ved *han* heller. Han var ikkje mindre fager, han.

Labakan fekk ikkje fred for soverne tankar. Og um natti drøymde han, at det var *han* som var prins i Omar sin stad.

Tidleg um morgonen vakna han og saag Omar liggja og sova so trygt attmed sida. Daa for det som ein elding gjenom han, at han kunde naa ved list det som lagnaden hadde vore so laak aa nekta han.

Dolken som var merket paa kongebyrden hekk i beltet paa Omar. Den tok Labakan, og tenkte ein augneblink paa aa støyta han i bringa paa den arme prinsen, som laag der og sov og inkje vondt vardest. Men han kvidde seg for draap, likevel, og gjorde ikkje Omar noko, men berre tok dolken. So sette han seg upp paa Omar sin hest, med di den sprang skjotare enn den gamle øyken han sjølv aatte, og reid sin

veg. Daa Omar vakna, hadde den skamlause felagen hans alt ein god fyremun.

Det var nettopp fyrste dagen i Ramadan-maanaden, at Labakan so stygt hadde svike stallbror sin. Ikkje tvo dagar etter var han ved El-Seruja-stytta. Ho laag midt paa ei vid slette, og derifraa hadde ein vidt utsyn til alle kantar.

Men Labakan var vel tidleg ute; fyrst imorgon var den store dagen, daa eit nytt liv i rikdom og prakt skulde byrja.

Han gav seg til under eit digert palmetre ikkje langt ifraa stytta, og bidde paa morgondagen der, so lenge.

Best det var, fekk han sjaa eit stor fylgje koma ridande hurtetter sletta. Det var ein heil flokk menn i drustelege bunader, og dei reid paa gilde arabhestar. Fremst i fylgjet reid ein gamal mann med langt, kvitt skjegg. Han saag ut til aa vera den eldste i laget; han var òg gildast klædd. Etter *dei* kom andre menner som tyktest vera tenarar. Dei sat paa kamelar og klyvja med seg store byrder.

Rett attmed stytta gjorde dei stans, og tenarane sette upp teltstokkar og breidde tjukke silkeduken der oppover. Labakan forstod at alle desse mennene var komne der for hans skuld, og var mest huga paa aa stiga fram alt den dagen. Men det var, som han ikkje rett vaaga seg til.

Skreddaren vakna med soli morgonen etter. I dag skulde det henda som han hadde drøymt um i so mange aar; no skulde han verta ein rik og mektig mann. Visst kom han i hug, at dette skjedde ved svik og urett, og han kjende ein styng i hjarta, naar han tenkte paa den arme Omar, som han so skamlaust hadde stole alt ifraa. Men gjort var gjort og kunde ikkje umatt gjerast. Og narrehugen kviskra til han, at han saag so godt ut, at han skamlaust kunde stiga fram for kven det skulde vera.

Han sette seg paa hesten og reid burt aat fylgjet attmed stytta. Her steig han av og tok dolken fram.

Seks mann stod rundt stytta og fremst av dei den gamle mannen han hadde merkt seg dagen fyreaat. Han var i kongebunad, og det var greidt aa sjaa, at han var den gjævaste i laget.

Til han gjekk Labakan, bøygde seg djupt for han, rette dolken fram til han, og sa:

«Her er den som de leiter etter!»

«Profeten vere lov som hev halde deg uppe til denne tid,» svara gamlingen med taaror i augo. «Kyss meg! Eg er gamle far din, og du er min eigen kjære son, Omar.»

Skreddaren vart heilt kløkt over desse hjar-telege ordi og kjende seg halvveges glad, halvveges skamfull, daa han tok gamlingen i fanget og kysste han til velkome.

Men berre eit lite bil skulde han faa vera i fred og drøyma seg inn i det nye livet i herlegdom og glede.

Burt etter sletta kom ein ryttar jagande beinast mot stytta. Hesten vilde ikkje av flekken, var det likt til; men ryttaren dreiv han fram med hogg og slag. Det stod ikkje lenge paa, so kjende Labakan att gampen sin og Omar, rette prinsen. Men lygnhaatten hadde so fast tak i han no, at han sette seg fyre, at koss det so gjekk, vilde han nekta alt.

Alt langveges ifraa saag ein, at ryttaren vinka, og ropa og skreik, so alle laut bisna paa dette. Endeleg var han framme ved stytta og slengde seg av hesten. «Vent!» sa han. «Kven de so er, so lat ikkje denne skamlause farken faa narra dykk. *Eg* er den Omar, de leitar etter!»

Mennene vart overlag forbina, og gamlingen visste ikkje, kva han skulde tru. Han saag raadlaus fraa ein til hin.

Men Labakan svara so lognt han var god til:

«Naadige far, aldri ans dette galne mennesket. Ikkje rettare enn eg veit, er det ein galen skreddarsvein fraa Aleksandria som heiter Labakan. Det er stor synd i armingen, er det.»

Daa vart prinsen so harm, at han ikkje greidde aa styra seg lenger. Plent ifraa seg av sinne vilde han fara paa Labakan. Men dei andre la seg imillom, og fyrsten sa:

«Ja du hev rett, son min! Eg ser, at armin-

gen er fraa vitet. Det er best, de tek og bind han og hev han med dykk til byen. Kann henda kunde me eikorleis hjelpa han,» sa han til tenarane.

Harmen hadde lagt seg hjaa prinsen no. Han kunde ikkje halda seg for graat, og ropa til fyrsten: «Eg kjenner paa meg, at De er far min. Eg bed so inderleg, at De høyrer paa meg!»

«Nei fri meg!» svara denne. «No tek han til aa prata burt i hytten att. Tenk, alt det eit menneske kann koma burt-i!» sa han, tok Labakan under armen og gjekk med han i fylgje burt til teltet.

Men rette prinsen vart bunden paa hender og føter og gjurd fast paa ein kamel, og det var alltid tvo mann attved og heldt vakt over han.

Den gamle fyrsten var Saaud, sultanen i Wechabialand. Lenge hadde han vore utan born og hadde mesta gjeve upp all von um aa faa nokon. Men so fekk han daa langt um lenge den sonen, han so saart hadde lengta etter. Ein spaamann vart henta og skulde sjaa, kva lagnad prinsen skulde faa, og han spaadde som so:

«Heilt til prinsen vert tvo og tjuge aar vil han vera i stor faare.»

So vilde kongen vera trygg, og lét gamle venen sin, Elfi Bey, faa sonen og læra han upp

som sin eigen, til han kom over dei faarleige tvo og tjuge aari.

Alt dette fortalde kongen til den, han trudde var sonen, og han var i alle maatar velnøgd med den fine vokstren og tekkelege aatferdi hans.

Daa dei kom til det landet, der kongen hørde heime, vart det stor glede paa alle. Kvarhelst dei kom, tok folk imot dei med stor stas og høge fagnad-rop; for det spurdest snart, at no kom kongen heim att med son sin. I hovudstaden var alle gatone dekte med fløyel. I alle vindaugo brann ljøs, og blommar rignde ned paa dei, kvar dei kom ridande.

Skreddaren kjende seg no full-trygg og reid kaut og byrg jamsides kongen.

Men den arme rette-prinsen hadde det ikkje godt.

«Omar! Omar!» skreik tusund røyster. Men han som med retten aatte dette namnet laag bunden paa ryggen av ein kamel, og vart ikkje paavyrd av nokon. I det høgaste kunde folk spyrja etter kva *det* var for ein, og det var so det skar og sveid i øyra paa Omar, kvar gong han laut høyra:

«Det er ein galen skreddar!»

Fylgjet var langt um lenge naatt fram til slottet, der dronningi og heile hovet venta paa dei inne i den store gildehalli.

Det var alt skymt, daa kongetoget kom fram.

Tusen paa tusen lampar var tendra i salen og gjorde det ljost som um dagen. Burte ved den eine langveggen sat dronningi paa ei trune, som var av skire gullet og innlagd med glimesteinar og perlor. Fleire av dei høgaste menn i riket heldt ein silkeduk til tak upp over ho, og ein av underkongane stod og veifta flugone burt fraa andletet hennar.

Der sat dronningi og venta paa, at kongen skulde koma heim att med ein vaksen son. Heller ikkje ho hadde set han sidan han vart fødd, men ho hadde mange gonger drøymt um han, og ho trudde nok ho skulde kjenna han att um so iblandt tusen.

No hørde dei kongetoget eit stykke ifraa. Vakti slo paa trummor og bles i trompetar, og alt folket sette i høge fagnad-rop.

Nærare og nærare kom dei. No hørdest ljoden av hesteføter og mannesteg paa marmorsteinane utanfor. Salsdørene vart slengde upp, og gjenom tenarflokken, som laag der paa kne, skunda kongen seg upp til dronningi og leidde sonen i handi.

«Sjaa her!» sa han. «Her kjem eg med den du hev sakna og lengta so lenge etter!»

Men dronningi ropa: «Det er *ikkje* sonen min! So ser ikkje den ut, som Profeten hev synt meg i draumar.»

Kongen skulde nettupp til aa tala ho tilrettes, av di ho kunde tru paa sovore draumtull.

Men no gjekk salsdøri upp med stort brak. Prins Omar hadde slite seg laus ifraa vakti og kom farande inn og kasta seg ned for dronning-truna. «Her vil eg døy!» ropa han. «Drep meg heller, hardhjarta far! Denne skammi held eg ikkje lenger ut!»

Folk stod forstøkte der, og vakti skulde nett triva han og slæpa han innatt i fangeromet. Daa sprang dronningi med eitt upp ifraa truna.

«Stans!» ropa ho. «Denne og ingen annan er rette son min. *Han* er det. Eg kjenner han att, endaa eg aldri hev set han for augo fyrr!»

Vakti slepte Omar. Men no vart kongen mest ifraa seg, so harm vart han, og skreik til dei, at dei skulde binda denne galne mannen.

«Her er det eg, som raar!» ropa han. «Her gjeng det ikkje etter kvendedraumar, men etter trygge, paalitande merke. Han her (han peika paa Labakan) er sonen min, for han hev gjeve meg dolken ifraa Elfi Bey.»

«Stole dolken hev han!» ropa Omar. «Skam-laust stole han fraa meg, som trudde han so vel!»

Kongen ansa ikkje paa han, og arme Omar vart med makt slæpt ut av salen. Men kongen tok Labakan med inn til seg i sitt eige kongs-rom, og var so fortærande harm paa dronningi, at han lite vann styra seg, endaa det aldri hadde falle eit vondt ord imillom dei fyrr, i all den tid dei hadde vore gifte.

Dronningi tok seg alt dette tungt til hjarta; ho kjende seg viss paa, at ein fark hadde snike seg inn hjaa kongen; for hjarta sa henne, at det var denne andre usælingen, som var rette sonen.

Daa harmen nokorleis hadde lagt seg, gruvla og gruna ho att og fram paa koss ho skulde fara aat, so kongen kunde verta overtydd. Det var ingi lett sak, det skyna ho nok. For han som gav seg ut for sonen hennar, hadde havt dolken og kjende so mykje til Omar og lagnaden hans, at han utan vanske kunde spela kongsson.

Ho ropa til seg alle dei mennene som hadde stade attmed kongen burtved styttta, og bad dei fortelja alt so nøgje som dei var god til. Sidan heldt ho samraad med eit par trugne trælkvinnor. Sume kom med den raadi, andre med den. Men langt um lenge sa Melechsala, ei gamal, klok tscherkess-kvinne:

«Var det ikkje so, naadig-dronning, at han som hadde dolken kalla den andre for ein galen skreddar, som heitte Labakan?»

«Jau,» sa dronningi.

«Kven veit um ikkje farken hev sett sitt eige namn paa sonen din. Um so er, veit eg ei god raad til aa avdekkja lygnaren.»

Dronningi bad dei andre gaa ut og vart ei stund tvoeine inne med trælkinna. Etterpaa gjorde dronningi seg ærend inn til kongen.

Det var ei klok kvinne, denne dronningi, og ho visste vel, koss ho skulde taka kongen paa

rette maaten. Ho lest vera leid seg, for ho nokor tid hadde tvila paa, at kongen maatte ha rett, han som var so klok og vitug. Ho vilde berre beda um ein einaste ting.

Kongen hadde alt trega paa, at han hadde tala so hardt til dronningi, og lova ho med ein gong alt ho vilde.

Ho sa daa som so: «Eg skulde ha hug til aa setja dei paa ei liti prøve, desse tvo. Andre vilde kann henda lata dei rida eller fikta umkapp; men det er noko alle kann. Nei, eg vil gjeva dei ei oppgaaave, som krev baade hendugskap og godt vit. Dei skal baae sauma trøye og brok, so fær me sjaa kven som vert best.»

Kongen small ut i ein laatt, og svara: «Nei no *meiner* eg! Skulde sonen min kappast med denne galne skreddaren i aa laga trøyor og brøker. Maken til vas hev eg ikkje høyrte!»

Men dronningi meinte paa, at han alt hadde gjeve sitt ord, og kongen gav etter til slutt. Men han lova paa, at um skreddaren gjorde aldri so fine buksor, skulde han likevel aldri verta sonen hans.

Kongen gjekk sjølv til Labakan og bad han gjera mor si til viljes dette, endaa so baanske og narrevore det var. Men Labakan lo med seg sjølv av glede. Var det ikkje anna ho vilde, tenkte han, skulde det snart verta ei raad.

Dei ferda i stand tvo rom, det eine til prinsen, det andre til skreddaren. Kvar av dei fekk

eit stort stykke silkety og alt som til høyrde. So skulde dei daa syna, kva karar dei var.

Kongen var ikkje lite forviten paa kva slag brok sonen hans vilde faa til. Og dronningi var ikkje mindre spennt paa, um han vilde gaa i den fella ho hadde sett for han.

Dei hadde fenge tvo dagar til verket, og tridje dagen sende kongen bod etter dronningi og dei tvo prinse-emni. Byrg og kaut kom Labakan inn i salen og breidde skreddarstykker sine ut framfor kongen, som gjorde store augo.

«Sjaa her, far,» sa han, «sjaa her, høgvyrde mor, um ikkje dette er eit meisterverk av ei brok. Eg skulde gjerne sy um kapp med den beste skreddaren i byen.»

Dronningi smilte berre og snudde seg til Omar. «Og du, sonen min, kva hev so du fenge til?» spurde ho.

Harm og leid seg slengde denne silketyet og saksi paa golvet.

«Eg hev lært aa rida og svinga sverdet, og eg kann raaka blinken seksti alner ifraa; men aldri hev eg lært aa bruka naali, og det vilde heller ikkje søma seg for ein som hev vakse upp hjaa Elfi Bey, kongen av Kairo.»

«Aa du rette sonen min!» ropa dronningi. «Aa um eg fekk taka deg um halsen og kalla deg *son*! Ver ikkje vond,» sa ho og snudde seg til kongen, «for eg hev brukt dette vesle knepet. Ser du ikkje *no*, kven som er skreddaren, og

kven som er prinsen? Visst er ho gild den broki, sonen din hev sauma. Ein kunde mest ha hug til aa spyrja etter, kva for ein skreddarmeister han hev gjenge i lære hjaa.»

Kongen sat i djupe tankar og skoda snart paa dronningi og snart paa Labakan, som stod der so raud som blod; han skyna han hadde forrent seg stygt.

«Heller ikkje dette provet duger,» sa kongen endeleg. «Men eg veit sjølv ei raad til aa koma etter sanningi.»

Han sette seg upp paa den snøggaste hesten han aatte og reid ut i ein skog ikkje langt ifraa byen. Det gjekk fraasegn um, at det budde ei hulder der. Ho heitte Adolzaide og hadde ofte i gamle dagar hjelpt kongane der med raad og daad. Til henne var det kongen vilde no.

Midt i skogen var der ein stor open plass med utgamle høge tre ikring. Her meinte folk at huldri heldt seg.

Daa kongen kom dit, sprang han av hesten og batt han i eit tre, steig sidan fram paa plassen og mælte med høg røyst:

«Er det so, at du hev hjelpt federne mine i naudi, so fær du ikkje slaa handi av meg i denne sak, der mannavit ikkje rekk til.»

Han hadde ikkje tala ut, so stod ei høg kvinne i langt kvitt slør framfyre han.

«Eg veit kvi du kjem til meg, kong Saaud, og eg skal hjelpa deg. Tak desse tvo skrini, og

lat desse tvo, som baae kallar seg sønene dine, velja kva for eit dei vil av dei. Eg veit, at han som er rette sonen din ikkje vil taka i miss.»

Soleis tala huldri, og flidde kongen tvo skrin av filsbein og gull og prydde med herlege glimesteinar og perlor. Paa loket stod ei innskrift, laga av diamantar.

Burt kvarv huldri, og kongen vart standande att med dei tvo skrini i handi. Han var storleg forviten paa kva som var i dei. Men alt det han bryta og braut, var han ikkje god til aa faa loki upp. Innskrifti var heller ikkje til aa verta klok av, for paa det eine stod: *Ære og gjetord*. Paa det andre: *Lukke og rikdom*.

Kongen tenkte med seg, at han vilde havt vondt nok for aa vita kva for eit skrin han skulde velja, um det hadde vore han som hadde valet.

Daa han kom heim att til slottet, gjekk han beinast til dronningi og fortalde kva huldri hadde sagt, og ho tok som ei von av dette.

Alle dei gjævaste stormenner, i riket var, kom saman i kongshalli, og kongen og dronningi sette seg paa truna. Attmed stod dei tvo skrini paa kvar-sitt bord. Labakan vart fyrst bodsend.

Med vyrdelege steg skreid han upp etter golvet, kasta seg ned for kongen, og spurde:

«Kva ynskjer min herre og far i dag?»

Kongen svara:

«Her er tvilsmaal um du er rette sonen min. Sanningi fær me vita, naar du vél eitt av dei tvo skrini, som der stend. Eg tvilar ikkje paa, at du vil velja det rette.»

Labakan reis upp og vart lenge standande og sjaa fraa det eine skrinet til hitt. Daa sa han: «Store far! Kann det tenkjast større lukke enn den aa vera sonen din, eller større rikdom enn *din* naade? Eg vél det skrinet som ber innskrifti: *Lukke og rikdom.*»

«Me fær snart sjaa, um du hev valt rett. Set deg ned der, so lenge,» sa kongen og vinka til trælane, at dei skulde bera fram ei pute til prinsen.

No kom Omar inn i salen. Han saag myrkt og tungt fram for seg, so alle laut tykkja synd i han.

Han kasta seg ned for truna og spurde kva kongen vilde. Kongen bad han velja eit av skrini. Han stod upp og gjekk burt aat bordet.

Daa han hadde lese innskriftene, sa han: «Dei siste dagane hev lært meg, at lukke kann forlisast, og rikdom forgaa. Men det med hev eg lært, at djerv mann eig noko inst inne i bringa som ingen kann taka ifraa han, og det er *æra*, og at minnet um det store ein mann hev gjort ikkje døyrr, um lukka kverv. — Um eg so skal missa ei krune ved det, lyt eg velja som eg gjer: *ære og gjetord* vél eg!»

Han la handi paa det skrinet han valde seg,

og vilde opna det. Men kongen bad han venta, so lenge. Fyrst maatte Labakan gaa burtaat sitt skrin. Sidan tok kongen vatn ifraa den heilage Zem-zem-brunnen i Mekka og vaska hendene sine i det. Tri gonger bøygde han seg mot aust, fall paa kne og bad: «Du Gud, som federne mine bad til, du som i mange hundradaar hev halde kongsætti upp, du vil ikkje tola, at ein vyrd-løysing røvar den plassen, som med rette til-kjem sonen min!»

Kongen reis upp og sette seg paa truna att. Folk vaaga mest ikkje aa draga pusten. Det var so kyrt i salen, at ein kunde ha høyrte ei naal falla.

Daa ropa kongen:

«Opne skrini no!»

Og dei loki, som fyrr ikkje hadde vore til aa faa upp, sprang no upp av seg sjølv, utan at nokon tok i dei.

I det skrinet, som Omar hadde valt seg, laag det ei liti krune paa ei fløylspute og ein ørliten kongsstav av gull attmed.

I Labakans — ei stor synaal og ein traad.

Kongen baud dei syna fram kva som var i skrini. Krune tok han sjølv ut or Omar sitt skrin, og alt medan han heldt ho i handi, tok ho til aa veksa, til ho vart so stor som ei vanleg krune. Og daa han sette ho paa hovudet av Omar, sat ho som ho var støypt. Daa kysste

kongen han, gav han sonenamn og bad han setja seg paa høgre sida av han.

Men til Labakan sa han: «Det er eit gamalt ord som segjer: Skomakar, haldt deg til leisten din! Her fær me heller segja: Skreddar, haldt deg til naali! — Du hev ikkje fortent, at eg skulde spara deg. Men dette er ei stor glede-stund for meg, so du skal faa sleppa med livet. Men lat meg sjaa, du kjem deg ut or landet, snøggast raad er!»

Den arme skreddaren visste lite til seg av skam og redsle. Han kasta seg ned for prinsen og bad meg taaror i augo: «Kann du tilgjeva meg, prins?»

«Ein konge er trugen mot venene sine og høghjarta mot uvenene,» svara prinsen og lyfte han upp. «Eg tilgjev deg.»

«Aa du rette sonen min!» ropa kongen kløkt og tok han i fanget. Og alt folket sette i høge fagnad-rop for denne nye og rette prinsen.

Imedan smette Labakan seg ut or salen med skrinet under armen. Han gjekk ned i stallen og fann fram den gamle øyken sin. Den såla han og reid av byen burtimot Aleksandria.

Heile prinselivet hans stod for han som ein draum no; berre det gilde skrinet minte um, at det nok var sant, kor som var.

Daa han langt um lenge kom attende til Aleksandria, reid han beinast burt til huset der den gamle skreddarmeisteren hans budde, og steig

inn. Meisteren drog ikkje kjensel paa han, det fyrste, og bukta og bøygde seg noko reint svært for denne storkaren som kom. Men daa han saag betre etter, og kjende att Labakan, ropa han paa alle sveinane og læregutane sine. Og no tok heile flokken paa Labakan og gav han slik dugeleg bank, som han aldri hadde fenge i sine levedagar fyrr. Sistpaa spende dei han ut for døri, og her vart han liggjande saar og sundslegen og var ikkje god til aa leda ein lem.

Imedan skjende meisteren dugeleg paa han og brukte seg for den stolne klædnaden. Det hjelpte ikkje alt det Labakan sa, at han kom og vilde betala han att og gjerne skulde gjeva tri gonger mykje som han var verd.

Meisteren flaug paa Labakan ein gong til og banka han so lenge han orka. So gjekk han fraa han og lét han liggja der, blodut og fæl.

Langt um lenge kom Labakan seg sovidt at han fekk kreke seg burt i eit vertshus der att-med, somykje han fekk leggja det saare hovudet paa ei mjuk pute.

Der laag han arm og usæl, og tenkte med seg, at aldri skulde nokon faa han ut paa even-tyr meir; han sette seg fyre, at etter denne tid vilde han verta ein god og skikkeleg skreddar. Han trega ikkje paa denne lovnaden, daa han vakna dagen etter; meisteren og sveinane hans hadde banka all stormannshaatten ut or kroppen paa han.

Skrinet selde han til ein gullsmed og fekk so mange pengar for det, at han kunde kjøpa seg eit lite hus med skreddarverkstad til. Og utan-paa døri hengde han eit skilt, der det stod

Labakan, skreddar.

Ein dag sette han seg til aa bøta den bunaden, som skreddarmeisteren hadde fare so ille med. Han hadde ikkje for handi onnor naal og traad enn den som hadde lege i skrinet, og so tok han den, endaa han hadde tenkt han vilde gøyma han til eit minne um daarskapen sin. Medan Labakan sat soleis, kom det einkvan og vilde tala med han. Daa han kom att, tenk so var klædnaden heilt ferdugsauma! Naali sydde og sydde, ho, naar ho berre fyrst var sett i gang, og tok so fine styng, at Labakan ikkje kunde gjera maken, um han sat og gnika aldri so lenge. Den minste gaava ein fær av ei hulder hev sitt verde, det er visst.

Endaa ein god ting var det ved denne gaava. Traaden vart aldri uppsydd, kor snøgt naali sydde.

Labakan fekk stor søknad og vart snart kjend som beste skreddaren paa lang leid. Og han turvte berre klyppa klædi til, og taka eit par stynger, so arbeidde naali til alt var gjort. Heile byen fekk klædi sine sydde hjaa meister Labakan. Men eitt undrast folk storleg paa: koss han kunde vinna med alt arbeidet aaleine; for

han tok aldri sveinar til hjelpes, og ingen fekk sjaa inn i verkstaden hans, naar han var i arbeid.

Paa den maaten vart innskrifti paa skrinet smaatt um senn til sanning. *Lukke og rikdom* fylgde skreddaren, og han kjende seg glad og nøgd. Naar han stundimillom høyrde gjete prins Omar og alle krigane og sigerferdene hans, daa tenkte «prinsen», hadde vore, med seg:

«Det er nok best aa vera skreddar. Det er ein faarleg ting med denne æra og dette gjetordet.»

Daa soli gladde, tok karavanen i veg att, og naadde snart fram til *Birket el Had* eller Pilgrimsbrunnen. Der ifraa hadde dei berre tri timar att til Kairo.

I Kairo var dei venta, dette bil, og snart vart ferdafylgjet møtt av ein heil flokk vener som kom fraa byen og tok imot dei.

I flokk og fylgje tok dei alle gjenom Bebel Falk-Porten. Dei vilde vita, at det skulde vera lukke med aa gaa igjenom den same porten, der Profeten ein gong for.

Paa torget skildest dei fire turkiske kjøpmennene ifraa grekaren Zaleukos og framandmannen.

Zaleukos og framandmannen vart i fylgje, og Zaleukos viste felagen til eit godt herbyrge

og bad han til middag. Mannen sa takk og lova aa koma, berre han fekk stelt seg og bytt klæde.

Grekaren gjorde seg fyre, og stelte alt vél til rette, til framandmannen skulde koma. Han hadde vorte reint glad i han den stundi dei hadde vore saman. Daa alt var reide, sette han seg burt paa ein benk so lenge, til gjesten kom.

Snart hørde han tunge mannssteg i troppi og skunda seg fegen burt aat døri, skulde taka imot gjesten sin. Men han skvatt attende som stungen av ein orm, daa døri gjekk upp, og den fælslege *Raudkaapa* stod der framfor han!

Nei, han tok ikkje i miss. Det var same høge, rake vokstren, dei same kvasse augo som blenkte ut or den svarte maska; og den raude, gullsmauma kaapa kjende han for vel att, han hadde ikkje lide so lite for hennar skuld.

Zaleukos stod der som stokken or stein. Han hadde lengst tilgjeve dette umennesket. Men no daa han saag han att var det som alle gamle saar braut upp. Alt det han hadde lide kom for han att.

«Kva vil du her, ditt umenneske!» skreik han til denne mannen som stod der paa dørsvilli og ikkje leda seg av flekken. «Sjaa og kom deg herifraa, fyrr eg lyser vaabøn over deg!»

«Zaleukos!» kom det med kjent maal fraa *Raudkaapa*. «Er det so, du tek imot gjesten din?»

Mannen tok maska av seg, og slo kaapa til-sides. Det var Selim Baruch, framandmannen.

Men Zaleukos vart ikkje trygg for det. Han fælte, berre han saag paa gjesten. For vél hadde han drege kjensel paa mannen fraa Vecchio-brui.

Men kor som var, mannen var gjesten hans. Zaleukos baud han til bords og fekk han til sætes, men var ikkje god til aa mæla eit einaste ord.

«Eg skynar nok, kva du tenkjer», sa gjesten, daa dei baae var komne til bords. «Du ser so paa meg. Eg kunde tagt still og aldri kome deg for augo meir. Men eg er deg rekneskap skuldig, og so vaaga eg meg til aa møta deg endaa ein gong, endaa eg ottast du skulde banna meg. Daa hørde eg sjølv, at du sa ein gong: *«Fedratrui mi krev av meg, at eg skal elska han. Alt i alt er han venteleg usælare, han enn eg.»* Dette var so sant som det var sagt. Og daa tok eg mod til meg. No skal du høyra, koss alt hev bore til:

Eg lyt gaa langt att i tidi, skal du skyna meg heilt.

Eg er fødd i Aleksandria av kristne foreldre. Far min var yngre son av ein fransk adelsmann, og fransk konsul der i byen. Daa eg var tie aar gamal, kom eg til ein morbror min i Frankrike og var der, til revolusjonen braut laus. Daa laut me baae røma or landet og reiste heim til

far. Her vona me, at me skulde faa vera i fred, for hit hadde revolusjonsstormane ikkje naatt. Men det var nok ikkje so vel.

Bror min, ein ung mann som alle venta store ting av, hadde nyst halde bryllaup. Bruri var dotter av ein adelsmann i Florens som hadde busett seg der i byen. Men tvo dagar etter me kom, vart ho burte, og korkje far hennar eller nokon av oss andre visste kva som hadde vorte av ho. Lenge tenkte me, at ho hadde kann henda vaaga seg for langt ut um byen og vorte teki av røvarar. Det hadde vore likare um so hadde vore. For langt um lenge frette me, at den skamlause tausi hadde rømt av landet med ein ung Neapelmann som ho hadde raaka eit par gonger heime hjaa far sin.

Bror min vart so harm, at han ikkje var til aa styra, og vilde plent ha ho paa straff. Men alt han vann var berre, at me alle kom upp i ulukka. For no skal du høyra, at denne skjendarhendingi var komi ut over baade Neapel og Florens. Far til drosi for daa paa timen heimatt til Florens, — han vilde hjelpa oss, lét han, men i røyndi var han meint paa aa gjera oss alt det vonde han var god til. Der i Florens slo han det heile burt i inkje, og visste aa faa det so til, at far og bror min vart uppsagde fraa postane sine, sette fast og sende til Frankrike. Her vart dei skulda for landssvik og avretta.

Arme mor, ho gjekk fraa vitet av sorg, og fyrst tie lange maanader etterpaa løyste dauden upp for ho.

Men dei siste dagane ho levde fekk ho vitet att. Daa hadde ho bod etter meg, og tala lognt og klaart um alt som hendt var. Sistpaa bad ho alle gaa ut, so nær som meg, og bad meg retta meg etter siste ynsket hennar. Eg lova sjølvsaft aa gjera alt kva ho vilde ha meg til.

Daa sette ho i med dei verste skjellsord imot Florens-mannen og dotter hans, og sa eg skulde verta usæl i all æva, um eg ikkje tok hemn over alt det vonde dei hadde gjort imot oss. Ho døydde i armane mine.

Den same hemngiren som alt fyrr hadde lege og volte hjaa meg, braut no laus. Eg gjorde alt me aatte ut i pengar, og lova meg sjølv, at eg ikkje vilde kvila, fyrr eg hadde fenge hemn, um eg so skulde missa livet for den skuld.

Det stod ikkje lenge paa aa koma til Florens. Men eg vaaga ikkje aa gaa for den eg var. Florensmannen hadde nyst vorte borgmeister der i byen og kunde snart gjera ende paa meg, fekk han berre minste njosn um det eg hadde fyre.

Eit slumpehøve hjelpste meg. Ein kveld eg er ute, ser eg ein mann eg tykkjest draga kjensel paa. Han gjekk og drog seg, seint og ustødt og tyktest grylla og smaabanna for eitkvart, var det likt til.

No kjende eg han att. Det var gamle Pietro, som tente hjaa Florensmannen. I Aleksandria hadde me vore sers fine vener.

Han hadde ikkje venta aa møta meg her, skyna eg, og fyrr han rett visste ord av det, hadde han klaga si naud for meg. Sidan Florensmannen vart borgmeister, var han ikkje til aa kjenna att, sa Pietro. Det var plent uraad aa gjera han til lags, so han hadde si store naud kvar dag med han.

Eg trøyta mannen det beste eg visste, og spara ikkje paa mynten, og snart fekk eg Pietro til aa lova kva det skulde vera. No var det verste gjort. Eg hadde ein hjelpesmann som alltid stod reide til aa sleppa meg inn til uvenen min.

Endeleg hadde eg hemnplanen ferdig. Aa drepa mannen var for liten hemn, tykte eg. Daa var det betre aa drepa den han var mest glad i av alt i verdi, og det var Bianca, dotter hans. Naar alt kom til alt var det daa ho, som hadde fare so skamlaust aat imot bror min; i røyndi bar ho skuldi for alt i hop. So kom daa attpaa den ting, at ho vilde gifta seg for andre gongen no. Det stod fast, ho laut døy. Men sjølv stygdest eg ved aa drepa ho, og heller ikkje Pietro trudde eg til det. Me laut faa ein annan til. Ingen der fraa byen kunde det verta tale um; dei vilde ikkje leggja raad upp imot sin eigen borgarmeister.

Daa kom Pietro paa, at me skulde faa deg, som baade var framand i byen og lækjar att-paa til aa gjera dette.

Resten veit du. Du var berre so ærleg, at eg ottast planen skulde gaa um inkjes for den skuld. Du kjem i hug, koss det gjekk med kaapa, som kom deg i hende.

Pietro opna porten for oss, og han hadde nok hjelpt oss likso trygt ut att, um me ikkje hadde vorte so forstyra av alt det fæle me saag, at me vitskræmde rømde paa dør. Eg for min part visste ikkje til meg att, fyrr eg saag eg laag paa kne ned paa ei kyrkjetropp. Du var den fyrste eg kom i hug. Tenk, um dei hadde fenge tak i deg! Eg smette meg burt att til huset, men saag korkje deg eller Pietro. Porten stod uppe, so eg laut vona, du hadde kome deg vel ut.

Sosnart det lyste av dag, rømde eg til Rom. Eg hadde ikkje fred korkje dag eller natt. No trega eg saart, at eg nokortid hadde gjeve meg ut paa sovore.

Tenk deg so til, kor forstyra eg vart, daa eg frette eit par dagar etter, at ein gresk lækjar var sett fast, av di han hadde drepe Bianca. Eg var ikkje lenge um aa koma meg attende til Florens. Hadde eg alt fyrr trega paa dette uverket, gjorde eg det tusen gonger meir no, som livet ditt stod paa spel.

Eg naadde fram til Florens same dagen du miste handi di.

Eg er ikkje god til aa skildra kva eg laut lida, daa du steig upp paa rettarstaden og stod der so traust og djerv. Og daa eg saag blodet fossa ut or armstubben din, daa visste eg med meg sjølv, at eg ikkje kunde betre gjera, so lenge eg livde, enn freista gjera livet so lett og ljost for deg, som raad var. Det som sidan hende, veit du. No hev eg berre att aa melda, kvi eg gjorde denne ferdi.

Ser du, eg fekk ikkje fred for den tanken, at kann henda gjekk du enno der og hata meg. So fann eg paa, at eg vilde vera dagstødt saman med deg ei tid utover, og fortelja deg alt, nett so som det hadde bore til.»

Grekaren hadde sete tagal og ikkje havt augo sine ifraa gjesten. No rette han høggre handi ut til han og var so mild og mjuk i maalet, daa han sa:

«Det var det eg visste, at du var usælare enn eg; denne fæle udaaden fær du nok ikkje gløyma so lenge du lever. Eg tilgjev deg av fullt hjarta. Men no lyt du fortelja, koss det kunde bera til, at du kom til oss, som du gjorde, der uti øydemarki. Kva tok du deg til, daa du hadde kjøpt hus til meg i Konstantinopel?»

«Eg snudde heimatt til Aleksandria,» svara hin. «Eg var inn-harm paa alle menneske, helst paa dei som kalla seg «kultur»-folk. Daa

lika eg meg betre i lag med muhammedanfolket mitt.

Ikkje fyrr var eg heimatt komen, so kom Napoleon og franskeheren hans. Eg var ikkje god til aa kjennast ved dei som landsmenn. For meg stod dei berre som folk, som hadde drepe far og bror min. Eg fekk med meg ein flokk unge menn eg kjende. Me gav os i lag med den djerve mamelukk-tjoden, og gjorde franskeheren meir enn *ei* prette. Daa krigen var ende, var eg ikkje huga paa fredsarbeid meir. I lag med ein, som tenkjer sameleis, hev eg sidan levt eit liv i kamp og strid, snart her og snart der. Eg trivst vel hjaa desse folk, og dei ser upp til meg, mest som eg vore kongen deira. Er ikkje folki mine so fine paa det, kann henda, som i Europa, so er daa ovund, æresykje og sjølvkjærleik noko som ikkje finst iblandt dei.»

Zaleukos takka han for det han hadde fortalt, men nekta ikkje for, at han tykte det høgde betre for ein mann som han aa leva i lag med vanlege kristne menneske. Han tok han til slutt i handi og bad han so vent um han ikkje heller vilde leva i lag med *han* den tid han hadde att.

Gjesten saag paa han med augo blanke av taaror.

«No ser eg, du hev tilgjeve meg heilt,» sa han, «og at du held av meg. Hjartans takk for det!»

Han sprang upp og stod der, høg og stor og med slik herremakt i uppsyni, at grekaren stokk.

«Det var eit gildt tilbod,» sa han, «og ein annan vilde ha teke imot, kann henda. Men *eg* er ikkje god til. Hesten min stend såla og ferdug, og tenarane mine ventar. Lev vel, Zaleukos!»

Dei tvo venene, som lagnaden so underleg hadde ført saman, tok kvarandre i fang, no dei skulde skiljast.

«Men kva er det du heiter? Kva er namnet paa gjesten min som *eg* aldri kjem til aa gløyma?» spurde grekaren.

Framandmannen saag lenge paa han, tok han endaa ein gong i handi, og sa:

«Dei kallar meg herren i øydemarki. *Eg er røvaren Orbasan.*»

